32. *Kommunestyret ynskjer at Volda kommune skal ha eit sterkare brukarperspektiv på sine tenester. I kommunen sine målkart skal det difor innførast ein kvalitetsindikator for sektorane som ivaretek dette. Positive tiltak som oppretting av pårørandegrupper o.l. skal stimulerast.*

Handsaming:

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg til nytt punkt 33 og 34:

33. *Løyving til Skulebakken Haugen Lauvstad blir auka med 500.000 kr. finansiert med låneopptak.*

34. *I samsvar med sak 3 og 4 i klagenemnda blir 200.000 kr. løyvd i 2018 med dekning i disposisjonsfondet.*

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg:

"Grunna krav til arbeidsgjevar for å legge til rette for auka risiko og ansvar for brannmannskap gjennom statlege krav til innsats i PLIVO, blir stillingsprosenten for brannmannskapa auka frå 1,35% til 2%, med verknad for andre halvår 2017. Årskostnaden for 2017 på 35.000,- blir å dekke gjennom disposisjonsfondet for 2017. "

Dan Helge Bjørneset, H, kom med slikt framlegg:

Låneopptak i økonomiplanen knytt til bygging av ny felles kommunal barnehage i Volda sentrum vert stroke. Kommunestyret ber om ei utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen.

Dan Helge Bjørneset, H, kom med slikt framlegg:

For å stimulere til vekst og etablering av ny næring i Volda og som eit ledd i utvikling/effektivisering av drifta i kommunen ynskjer kommunestyret ei auka satsing på offentleg/privat samarbeid i Volda kommune.

Rebecca Riise Bjerknes, SP, kom med slikt framlegg:



VOLDA KOMMUNE

1. *Det er ikkje avsett midlar til kulturaktivitetar i 2017. Kommunestyret ber om ei sak der midlar for tildeling til kulturtiltak i 2017, vert utgreidde.*
2. *Det vert lagt opp til store endringar i barnehagedrifta i Volda kommune gjennom økonomiplan og prosessnotat for langsiktig strategi. Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide ein tilstandsrapport for barnehage. Rapporten ska innehalde barnetal, tilstand på bygg.*
3. *Driftsstyret ber administrasjonen om å utrede muligheita for 60 og 80 prosent plass i kommunale barnehagar.*

Odd Harald Sundal, SP, kom med endringsframlegg punkt 17:

«Kommunestyret viser til budsjett dokumenter og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette gjeld spesielt i høve til satsing på tverrfaglig samarbeid og ansvar i eit pasient/brukar forløp, ressurskrevjande pasientar innanfor demensomsorga, rus og psykiatri og heiltidskultur. Driftsstyret og formannskap vil vere referansegrupper under utgreiingsprosessen. Utgreiinga skal gjerast i samarbeid med partane og vert å legge fram som sak for kommunestyret i juni 2017.»

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg:

"Skattesatsen i 2017 vert sett i medhald av eige domsskattelova §11 og §13 til 2%, og blir halde uendra eller lågare gjennom økonomiplanperioden. "

Odd A. Folkestad, FrP, kom med slikt framlegg:

"Det vert i årsbudsjettet for 2017 løyvt kr 1.000.000,- til trivselstiltak for bebuarar og tilsette på eldre- og omsorgsbustadar som kommunen driv. Korleis løyvinga skal fordelast vert å avgjere av kommunestyret - etter forslag frå formannskapet/alle gruppeleiarane - i eiga sak som skal handsamast av kommunestyret seinast i mars 2017. Dekning for løyvinga vert gjort frå disposisjonsfondet."

Dan Helge Bjørneset trekte framlegga sine. Dan Helge Bjørneset, kom med følgjande framlegg, på vegne av Høgre, SP og KrF:

Kommunestyret ber om ei utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen.

Dan Helge Bjørneset, kom med følgjande framlegg, på vegne av Høgre og KrF:

For å stimulere til vekst og etablering av ny næring i Volda og som eit ledd i utvikling/effektivisering av drifta i kommunen ynskjer kommunestyret ei sterkare satsing på samarbeid med privat næringsliv og frivillege lag og organisasjonar.

Kommunestyret ynskjer ei styrka satsing på velferdstiltak i Helse og Omsorgssektoren. Dette skal vere ei prioritert oppgåve til Frivillegkoordinator, jfr. pkt.28.



VOLDA KOMMUNE

Erlend Krumsvik trekte framlegget sitt om eigedomsskatt, og kom med slikt revidert framlegg:

*Skattesatsen i 2017 vert sett i medhald av eigedomsskattelova §11 og §13 til 2%.
Kommunestyret ber om at rådmannen utgreiir ei sak om konsekvensar av å halde eigedomsskatten uendra gjennom økonomiplanperioden, slik at kommunestyret får ein grundig og god diskusjon på dette tema i løpet av fyrste halvår 2017.*

Røysting:

Punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 4 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 6 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 7 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 8 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 9 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 10 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 11 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 12 – Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Erlend Krumsvik og tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk 13 røyster og falt. Tilrådinga frå formannskapet fekk 14 røyster og vart vedteken.

Punkt 13 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 14 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 15 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 16 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 17 – Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Odd Harald Sundal og tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Odd Harald Sundal vart samrøystes vedteke.

Punkt 18 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 19 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 20 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 21 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 22 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 23 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 24 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 25 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 26 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 27 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 28 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 29 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 30 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 31 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 32 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 33 – framlegget frå Jørgen Amdam vedk. Skulebakken, vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 34 - framlegget frå Jørgen Amdam vedk. sak i klagenemnda, vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Nytt punkt 35 - framlegget frå Erlend Krumsvik vedk. auka stilling til brannmannskap, vart samrøystes vedteke.

Prøverøysting vedk. velferdstiltak i helse- og omsorg - nytt punkt 36:

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk 6 røyster.

Fellesframlegget frå Høgre og Krf fekk 21 røyster.

Endeleg røysting:

Nytt punkt 36 – framlegget frå Odd A. Folkestad fekk 5 røyster og falt, 22 røysta imot.

Fellesframlegget frå Høgre og Krf vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 37 – framlegg frå Høgre, SP og Krf, vedk. barnehage, vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 38 – framlegg frå Høgre og Krf, vedk. næringsutvikling, vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 39 – framlegg frå Rebecca Riise Bjerknes, vedk. kulturmidlar, vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 40 – framlegg frå Rebecca Riise Bjerknes, vedk. 60 og 80 % plass i kommune barnehagar, fekk 26 røyster og vart vedteke, ein røysta imot.

Det vart røysta samla over årsbudsjettet. Årsbudsjettet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

- 1. Skatt på inntekt og formue for 2017 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.*
- 2. Volda kommune si netto driftsramme i 2017 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
- 3. Volda kommune si netto driftsramme 2018-2020 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
- 4. Brutto og netto budsjetttrammer for sektorane i 2017 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet.*
- 5. Brutto og netto budsjetttrammer for sektorane i 2018-2020 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B.*
- 6. Investeringar i 2017 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane vert vedteken som vist i budsjettskjema 2A.*
- 7. Det vert i 2017 gjort låneopptak på kr 230.626.400. 5 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.*
- 8. Investeringar i 2018-2020 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .*
- 9. Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2016) vert overført til 2017.*



VOLDA KOMMUNE

- 10. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2017, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).*
- 11. Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.*
- 12. Skattesatsen i 2017 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 %.*
- 13. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.*
- 14. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.*
- 15. Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2017, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel 1 i budsjettdokumentet.*
- 16. Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.9 i budsjettdokumentet.*
- 17. Kommunestyret viser til budsjettdokumenter og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette gjeld spesielt i høve til satsing på tverrfaglig samarbeid og ansvar i eit pasient/brukar forløp, ressurskrevjande pasientar innanfor demensomsorga, rus og psykiatri og heiltidskultur. Driftsstyret og formannskap vil vere referansegrupper under utgreiingsprosessen. Utgreiinga skal gjerast i samarbeid med partane og vert å legge fram som sak for kommunestyret i juni 2017.*
- 18. Volda næringsforum må leggje fram møteplan og følgje opp forretningsordenen overfor kommunen som medlem i foreininga for å få utbetalt tilskot.*
- 19. Budsjettet og økonomiplanen vert elles vedteken på dei mål og premissar som framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.*
- 20. Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16.*
- 21. Satsane for drifstilskot til private ordinære barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.*
- 22. Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.*
- 23. Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.*
- 24. Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar bygg (engasjement på 3 år).*



VOLDA KOMMUNE

- 25. Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar teknisk anlegg (engasjement på 3 år).*
- 26. Felleskjøkkenet. I brev frå Forbrukerrådet 21.4.16 og LMD 22.4.16 er det peika på aukande utfordringar med underernæring av eldre og at kommunane treng ein offensiv mat- og måltidspolitik. I investeringsbudsjettet er det forslag om utskifting av utstyr på felleskjøkkenet og i omsorgsavdelingane. Kommunestyret vil be om utgreiing av Volda kommune sine mat- og måltidsrutinar og -utfordringar og med konkrete tiltak. Ekstern ekspertise bør nyttast. Framtidige større investeringar blir utsett tilsvarende.*
- 27. Valdskoordinator. For å samordna valdsførebyggjande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskoordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.*
- 28. Frivilligkoordinatorar helse og omsorg. Dei to stillingane blir auka frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.*
- 29. Hovudverneombod. Stillinga blir auka frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.*
- 30. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei vurdering av søskenrabatt mellom barnehage og SFO-innan revidert budsjett skal vedtakast.*
- 31. Lokale til ungdomsklubben vert vurdert løyst i samband med rehabilitering av Volda samfunnshus. Inntil vidare vert ungdomsklubben flytta til meir tilfredstillande lokale enn dei har i dag, fortrinnsvis i andre kommunale lokale eller i leigde lokale. Ev. leige av lokale for ei slik mellombels periode vert å dekkje gjennom budsjettkorrigerings.*
- 32. Kommunestyret ynskjer at Volda kommune skal ha eit sterkare brukarperspektiv på sine tenester. I kommunen sine målkart skal det difor innførast ein kvalitetsindikator for sektorane som ivaretek dette. Positive tiltak som oppretting av pårørandegrupper o.l. skal stimulerast.*
- 33. Løyving til Skulebakken Haugen Lauvstad blir auka med 500.000 kr. finansiert med låneopptak.*
- 34. I samsvar med sak 3 og 4 i klagenemnda blir 200.000 kr. løyvd i 2018 med dekning i disposisjonsfondet.*
- 35. Grunna krav til arbeidsgjevar for å legge til rette for auka risiko og ansvar for brannmannskap gjennom statlege krav til innsats i PLIVO, blir stillingsprosenten for brannmannskapa auka frå 1,35% til 2%, med verknad for andre halvår 2017. Årskostnaden for 2017 på 35.000,- blir å dekke gjennom disposisjonsfondet for 2017.*
- 36. Kommunestyret ynskjer ei styrka satsing på velferdstiltak i Helse og Omsorgssektoren. Dette skal vere ei prioritert oppgåve til Frivillegkoordinator, jfr. pkt.28.*
- 37. Kommunestyret ber om ei utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen.*



VOLDA KOMMUNE

38. For å stimulere til vekst og etablering av ny næring i Volda og som eit ledd i utvikling/effektivisering av drifta i kommunen ynskjer kommunestyret ei sterkare satsing på samarbeid med privat næringsliv og frivillege lag og organisasjonar.

39. Det er ikkje avsett midlar til kulturaktivitetar i 2017. Kommunestyret ber om ei sak der midlar for tildeling til kulturtiltak i 2017, vert utgreidde.

40. Driftsstyret ber administrasjonen om å utrede muligheita for 60 og 80 prosent plass i kommunale barnehagar.

PS 173/16 Utviding av barnevernssamarbeidet mellom Hareid- Ulstein- Volda og Ørsta

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre sluttar seg til at Hornindal kommune går inn i det interkommunale barnevernssamarbeidet mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr kl § 28b.*
- 2. Volda som vertskommune for det interkommunale barnevernstenesta inngår avtale med Hornindal kommune på same vilkår som gjeld for dei andre samarbeidskommunane/likelydande avtale.*
- 3. Utgifter til drifta samla sett (Kostra 244) og etter utviding med Hornindal kommune vert å dekkje innanfor vedtekne budsjетtrammer inkl overføring frå Hornindal kommune.*

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016:

- 1. Volda kommunestyre sluttar seg til at Hornindal kommune går inn i det interkommunale barnevernssamarbeidet mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr kl § 28b.*
- 2. Volda som vertskommune for det interkommunale barnevernstenesta inngår avtale med Hornindal kommune på same vilkår som gjeld for dei andre samarbeidskommunane/likelydande avtale.*
- 3. Utgifter til drifta samla sett (Kostra 244) og etter utviding med Hornindal kommune vert å dekkje innanfor vedtekne budsjетtrammer inkl overføring frå Hornindal kommune.*



VOLDA KOMMUNE

PS 174/16 Retningslinjer for bruken av næringsfond og kraftfond.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016:

Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.

PS 175/16 "Stadion-parken" - Søknad om kommunal garanti for lån og løyve til bruk av kommunal eigedom.

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

1. *Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Allianse for lån pålydande kr. 2.500.000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gjeven på slike vilkår:

- a. *Garantien er ein simpel kausjon.*
- b. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og etter skissert nedbetalingsplan.*

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016:

1. *Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Alliansen for lån pålydande kr. 2.500.000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.
Garantien vert gjeven på slike vilkår:*
 - b. *Garantien er ein simpel kausjon.*
 - b. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og etter skissert nedbetalingsplan.*

PS 176/16 Planid 2016005 - Arealdelen - Fastsetting av planprogram

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

Handsaming:

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg:

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. Vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13, med følgjande tilleggsoppløring i plandokumentet under punkt 5.2 Busetting, nytt punkt under "Arealstrategi for busetting:"; -Det skal leggest til rette for bygging av høghus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg. "

Erlend Krumsvik trekte framlegget sitt.

Erlend Krumsvik og Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. Vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13, med følgjande tilleggsoppløring i plandokumentet under punkt 5.2 Busetting, nytt punkt under "Arealstrategi for busetting:"; -Det kan leggest til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg. "

Prøverøysting

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Erlend Krumsvik og Jørgen Amdam, og tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Krumsvik og Amdam fekk 16 røyster, 11 røysta imot.

Røysting (27 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Erlend Krumsvik og Jørgen Amdam og tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Krumsvik og Amdam vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. Vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13, med følgjande tilleggsoppføring i plandokumentet under punkt 5.2 Busetting, nytt punkt under "Arealstrategi for busetting:"; - Det kan leggast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg. "

PS 177/16 Planid 2016006. Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, gnr. 24 mfl. Handsaming etter offentlig ettersyn

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.*

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

2. *Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.*

Handsaming:

Dan Helge Bjørneset fekk permisjon og vara Odd Martin Velsvik tok sete.

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho er mor til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6, 2.ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Per Svein Krøvel reiste spørsmål om habilitet, han er far til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6, 2.ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart kjent habil med 23 røyster, to røysta imot.

Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent habil.

Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel tok sete.

Helge Standal, MDG, kom med slikt framlegg:

1. *Kommunestyret godkjenner ikkje reguleringsplan for gnr. 19, bnr. 24 mfl. datert 21.11.2016.*

2. *Kommunestyret ber rådmannen om å utarbeide reguleringsplan for Doktorhaugen som friområde.*



VOLDA KOMMUNE

3. Kommunestyret ber om ei synfaring, og orientering om organisering av butenesta for utviklingshemma, noverande og framtidig behov for bustader, og sentrale føringar for bustadbygging for desse.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habiliten til Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel, jf. grunngjevinga ovanfor. Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart samrøystes kjent inhabil.

Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent inhabil.

Erlend Krumsvik kom med framlegg om å utsette saka.

Røysting (25 røysteføre):

Utsettingsframlegget fekk 24 røyster og vart vedteke. Ein røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

Saka vert utsett.

Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel tok sete.

PS 178/16 Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljøtiltak. Årleg rullering av handlingsprogram i høve til aktuelle Spelemiddelsøknader 2017

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

1. *I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert handlingsprogram i "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18", justert slik for 2017:*

<i>Idrettsanlegg:</i>	<i>(Status)</i>	<i>(Spelemiddel-søknad 2017)</i>
1. VTI -Fotball - Fotball -treningshall	ferdig 2015	gjenntatt
2. Folkestad il: - kunstgrasbane	ferdig 2016	fornya
3. VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion	ferdig 2016	fornya
4. Vestsida il - Garasje for trakkemaskin	under bygging	ny
5. Volda stadion- rehabilitering av kunstgrasdekke bane 2	under planl.	ny
6. Lys turveg Øyraelva -Volda stadion –Myravegen	under planlegging	ny
7. Hjartåbygda Skyttarlag - Standplassbygg -skytebane i Aldalen		ny
8. Volda Arena - ny hall i Volda sentrum	under planlegging	ikkje søkt



VOLDA KOMMUNE

Nærmiljøanlegg:

1. Stadion-parken - nærmiljøanlegg - aktivitetspark med fire delelement,:
Styrketreningsområde (friluftsforeninga/VTI) under bygging ny
Turveg og lysanlegg for parken (fril. foreninga /VTI) under bygging ny
Klatrepark (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny
Street-basket/isbane (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny
 2. Øyra skule - aktivitetspark del 1 - under planlegging ikkje søkt
- aktivitetspark del 2 - under planlegging ikkje søkt
- aktivitetspark del 3 - under planlegging ikkje søkt
 3. Lysanlegg skate-parken (Volda K./Volda Rullarlag) u. planlegging ikkje søkt
2. Andre registrerte anlegg, jf. liste over aktuelle tiltak nemnt i saka, er prioriterte idretts- og friluftsliv-anlegg som kan få plass i handlingsplan og ha prioritet ved seinare rullering av plan, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga, etter kvart som dei er klargjort for søknad, gjennom idrettsfunksjonell førehands-godkjenning, og har tífredsstillande planar for finansiering og drift.

Handsaming:

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Volda Arena, jf. fvl. § 6, 1. l, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

1. *I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert handlingsprogram i "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18", justert slik for 2017:*

<i>Idrettsanlegg:</i>	<i>(Status)</i>	<i>(Spelemiddel-søknad 2017)</i>
1. VTI -Fotball - Fotball -treningshall	ferdig 2015	gjenntatt
2. Folkestad il: - kunstgrasbane	ferdig 2016	fornya
3. VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion	ferdig 2016	fornya
4. Vestsida il - Garasje for trakkemaskin	under bygging	ny
5. Volda stadion- rehabilitering av kunstgrasdekke bane 2	under planl.	ny
6. Lys turveg Øyraelva -Volda stadion –Myravegen	under planlegging	ny
7. Hjartåbygda Skyttarlag - Standplassbygg -skyttebane i Aldalen		ny
8. Volda Arena - ny hall i Volda sentrum	under planlegging	ikkje søkt



VOLDA KOMMUNE

Nærmiljøanlegg:

1. *Stadion-parken - nærmiljøanlegg - aktivitetspark med fire delelement,:*
 - Styrketreningsområde (friluftsföreninga/VTI) under bygging ny*
 - Turveg og lysanlegg for parken (fril. foreininga /VTI) under bygging ny*
 - Klatrepark (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny*
 - Street-basket/isbane (VTI-allianse/VTIFotball) under planlegging ny*
2. *Øyra skule - aktivitetspark del 1 - under planlegging ikkje søkt*
 - aktivitetspark del 2 - under planlegging ikkje søkt*
 - aktivitetspark del 3 - under planlegging ikkje søkt*
3. *Lysanlegg skate-parken (Volda K./Volda Rullarlag) u. planlegging ikkje søkt*

2. *Andre registrerte anlegg, jf. liste over aktuelle tiltak nemnt i saka, er prioriterte idretts- og friluftsliv-anlegg som kan få plass i handlingsplan og ha prioritet ved seinare rullering av plan, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga, etter kvart som dei er klargjort for søknad, gjennom idrettsfunksjonell førehands-godkjenning, og har tífredsstillande planar for finansiering og drift.*

Erlend Krumsvik tok sete.

PS 179/16 Tilleggsutgreiing til KVV Rv.15 Strynefjellet med heilårsveg på fv. 63 til Geiranger, høyring

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

1. *Volda kommune sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og tilråding om konsept B1 Skåre-Breidalen, inkludert arm til Opplendskedal (Geiranger) som nytt traseval for Rv15.*
2. *Volda kommune ber om at Regjeringa snarast fattar vedtak om konseptval B1 med arm til Opplendskedal (Geiranger) , og at reguleringsarbeidet vert starta opp så raskt som mogleg.*

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016:

1. *Volda kommune sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og tilråding om konsept B1 Skåre-Breidalen, inkludert arm til Opplendskedal (Geiranger) som nytt traseval for Rv15.*



VOLDA KOMMUNE

- Volda kommune ber om at Regjeringa snarast fattar vedtak om konseptval B1 med arm til Opplendskedal (Geiranger) , og at reguleringsarbeidet vert starta opp så raskt som mogleg.*

PS 180/16 Val av møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.20

Tilråding frå valnemnda 15.12.2016:

Kommunestyret vel følgjande Oddny Vatnehol, Svein H. Arnesen og Sindre Kvangarsnes som møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.20

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016:

Kommunestyret vel følgjande Oddny Vatnehol, Svein H. Arnesen og Sindre Kvangarsnes som møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.20.

PS 183/16 Flytting av brakker ved Engesetvegen 28

Tilråding i formannskapet - 13.12.2016 til kommunestyret:

Bustadmodulen i Engesetvegen 28 skal fjernast, tomt skal være attendeført og tilsådd innan 01.07.2017 etter godkjenning av bebuarar som grensar til bygget.

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

Bustadmodulen i Engesetvegen 28 skal fjernast, tomt skal være attendeført og tilsådd innan 01.07.2017 etter godkjenning av bebuarar som grensar til bygget.



PS 184/16 Budsjett - førebels fellesnemnd Hornindal og Volda kommuner

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 08.12.2016 til kommunestyra i Hornindal og Volda

1. *Budsjett for forprosjektperioden vert vedteke slik det ligg føre.*
2. *Styringsgruppa har budsjettansvar for forprosjektperioden, og rapporterar til førebels fellesnemnd.*
3. *Eventuelt frikjøp av tillitsvalde vert å dekke over førebels fellesnemnd sitt budsjett etter særskilt handsaming av sak om frikjøp.*
4. *Etter etablering av fellesnemnd våren 2017, får denne mynde til å gjere korrigeringar og overføre eventuelle midlar frå den førebelse fellesnemnda til fast fellesnemnd.*
5. *Volda kommune syter for rekneskapsføring for den førebelse fellesnemnda, i eige prosjektrekneskap.*

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

1. *Budsjett for forprosjektperioden vert vedteke slik det ligg føre.*
2. *Styringsgruppa har budsjettansvar for forprosjektperioden, og rapporterar til førebels fellesnemnd.*
3. *Eventuelt frikjøp av tillitsvalde vert å dekke over førebels fellesnemnd sitt budsjett etter særskilt handsaming av sak om frikjøp.*
4. *Etter etablering av fellesnemnd våren 2017, får denne mynde til å gjere korrigeringar og overføre eventuelle midlar frå den førebelse fellesnemnda til fast fellesnemnd.*
5. *Volda kommune syter for rekneskapsføring for den førebelse fellesnemnda, i eige prosjektrekneskap.*



VOLDA KOMMUNE

PS 185/16 Fellesnemnd - organisering av forprosjektperioden

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 08.12.2016 til kommunestyra i Hornindal og Volda

Det vert oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar finansiert over statlege prosjektmidlar. Volda kommune er arbeidsgjevar for stillinga fram til stillinga kan overførast til prosjektorganisasjonen under prosjektleiar og endeleg fellesnemnd for ny kommune.

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar vart samrøystes vedteken

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

Det vert oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar finansiert over statlege prosjektmidlar. Volda kommune er arbeidsgjevar for stillinga fram til stillinga kan overførast til prosjektorganisasjonen under prosjektleiar og endeleg fellesnemnd for ny kommune.

PS 181/16 Orienteringssaker

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

OS 54/16, *Framdriftsplan utbyggingsprosjekt*, vart delt ut i møtet.

Orienteringssaker

OS 51/16 Kontakt med ein fylkesmann i prosessen knytt til etablering av ny kommune

OS 52/16 Grendalaga: organisering og oppgåver

OS 53/16 Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering - utsett iverksetjing.

OS 54/16 Framdriftsplan utbyggingsprosjekt

PS 182/16 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 17:45

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
16.12.2016

Sonja Håvik
konsulent